



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 30.09.2010
Møtetid: 14:00 - 19:30
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
<ul style="list-style-type: none">• Øyvind Røen Sp• Sigmund Dyrhovden Krf• Inge Aasgaard Krf	Monica Tjønnå Sp Svein Tore Kulleseid Krf. Ingen

Andre som var til stades på møtet:

- Hilde Lill Vaage – konstituert rådmann
- Magda Haugen – politisk sekretær
- Nina Erdal – økonomisjef
- Kari Nygard – sekretær for kontrollutvalet under orientering om kontrollutvalet og revisjonen sitt arbeid.
- Grete Lill Hjartnes – leiar for Eining for pleie- og omsorg under sak nr. 37/10.
- Olav Ytrearne - konsulent frå Norconsult under sak nr. 37/10.
- John Inge Sandvik – avdelingsingeniør ved Teknisk eining under sak nr. 37/10
- Thore Austnes – leiar for Eining for sosial- og helse under orienteringssak om rusførebyggjande arbeid i Samnanger kommune.

Merknader:

Orienteringar/meldingar:

- Sekretær for kontrollutvalet Kari Nygard orienterte om kontrollutvalet sine oppgåver. Lovgrunnlag osv.
- Ordførar Marit A. Aase orienterte om møter med Statnett vedk. bygging av kraftlina Sima-Samnanger.
- Ordførar Marit A. Aase orienterte om møtet som kommunane Samnanger og Fusa hadde med Vegvesenet om Tyssetunellen.
- Eva Hellevang H orienterte om TV-aksjonen 24.10.2010 og oppmoda kommunestyremedlemmene til å vera aktivt med lokalt.

	<ul style="list-style-type: none"> • Ordførar Marit A. Aase orienterte om Samnanger kommune si deltaking på Omdømmeskulen (i regi av KRD). • Leiar for sosial- og helseeininga Thore Austnes orienterte om det rusførebyggjande arbeidet i Samnanger kommune.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	<ul style="list-style-type: none"> • Referat frå møtet i Eldrerådet 22.09.10 • Referat frå møtet for gruppeleiarene i kommunestyret 09.09.10 • Orientering / artikkel om digitale politikarar. • Brev frå Os kommune om Samhandlingsreformen. • Orientering om parkering på p-plassen ved Kommunehuset på Tysse

Utvalet sitt kvarter:

- **Sture Tveit H.** – stilte spørsmål om prosessen kring budsjettstatus i høve endring av skulestrukturen og innføring av ny ordning med leksehjelp. Han meinte at Kommunestyret burde vore meir inne i desse prosessane og saknar drøftingane kring dette. Marit A. Aase melde at saka om leksehjelp har vore drøfta i Utvalet for oppvekst og omsorg. Ordføraren vil koma attende til saka om omlegging av skulestrukturen i budsjetthandsaminga for 2011.
- **Sture Tveit H** – Idrettsanlegget i Hagabotnane er for dårleg vedlikehalde og dette er dårleg reklame for kommunen. Kven har ansvar – kven gjer kva? Marit A. Aase orienterte om at det vert arbeidd med ansvarsfordelinga for idrettsanlegget mellom styret for idrettsanlegget, Eining for kultur og Teknisk eining.
- **Monica Tjønnha Sp** – Uttalte bekymring for skuleborna på Frøland. Grunna for lite busskapasitet må dei venta på bussen om morgonen til den kjem attende for å henta dei. Kva kan gjerast med dette? Ordførar Marit A. Aase orienterte om at skuleleiinga og skulane er obs på dette og at det vert arbeidd med å finna løysingar som inneber at trafikktryggleiken for borna skal vera så god som råd og at ventetida vert så kort som mogeleg.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 06.10.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
036/10	10/506	Faste saker	
037/10	09/635	Utbygging ved Samnangerheimen	
038/10	10/410	Finansiering Ytre Tysse	
039/10	10/156	Budsjettkontrollrapport 3.kvartal 2010 - tilleggsløyving	
040/10	10/157	Norheimsund Industrier AS - likviditetslån for uteståande del av emisjon.	
041/10	10/484	Bergensalliansen - invitasjon til Samnanger kommune om deltaking.	
042/10	09/78	Samarbeidsavtale med Lolland kommune om ny, fornybar energi som grunnlag for vekst og grøn næringsutvikling	
043/10	10/469	Barnas representant og sekretær og Ungdomsrådet	
044/10	10/355	Vinmonopolutsal i Samnanger	

SAKNR. 036/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Sture Tveit H og **Brigt Olav Gåsdal Ap** hadde merknader til innkallinga / sakliste til møtet. Sak nr. 39/10. Dei bemaerka at det var vanskeleg å forstå korleis administrasjonen hadde tenkt med å leggja fram budsjettkontroll for 3.kvartal 2010 og tilleggsløyving i same sak og utan tilråding.

KS-036/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med merknadene som Sture Tveit og Brig Olav Gåsdal hadde.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

Val av 3 representantar til å underteikna protokollen:

Følgjande vart valde: Marit A. Aase Krf, Brig Olav Gåsdal Ap og Sture Tveit H.

SAKNR. 037/10

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN

14.09.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg v/Inge Aasgaard; ”Styringsgruppa tilrår at det vert arbeid vidare med alt.3. Det må utarbeidast eit byggjeprogram som skal danne grunnlag for innbydinga til anbodsrunde. OO vert framleis styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa held fram og knyter til seg konsulent. PØ skal saman med administrasjonen utarbeida framlegg til finansiering.” Framlegget vart samrøystes vedteke.

OO-020/10 VEDTAK:

Styringsgruppa tilrår at det vert arbeid vidare med alt.3. Det må utarbeidast eit byggjeprogram som skal danne grunnlag for innbydinga til anbodsrunde. OO vert framleis styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa held fram og knyter til seg konsulent. PØ skal saman med administrasjonen utarbeida framlegg til finansiering.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Konsulent frå Norconsult Olav Ytrearne orienterte om innhaldet i rapporten som no ligg føre i saka.

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om finansiering av prosjektet – korleis lånegjelda vil påverka drifta av kommunen i dei åra lånet skal nedbetalast.

Bjørn Sævild BI sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Kommunestyret ønsker at Styringsgruppa/OO arbeider vidare med rehabilitering av Samnangerheimen. Det bør lagast et skisseprosjekt i målestokk 1:200 med det for øye å nyttiggjøre mest mulig av eksisterende bygningsmasse innanfor ønsket romprogram.”

Leiar for pleie- og omsorgseininga Grete Lill Hjartnes orienterte om arbeidet til pleie- og omsorgstenesta og svara på spørsmål frå kommunestyrerepresentantane vedkomande saka.

Brigt Olav Gåsdal Ap ba om gruppemøte.

Møtet om sak 36/10 vart heva kl 17.25 – Thore Austnes – leiar for sosial- og helseeininga orienterte om rusførebyggjande arbeid i Samnanger kommune med utgangspunkt Ruspolitisk handlingsplan.

Kommunestyret gjekk deretter i gruppemøtet kl 17.50 – 18.05

Det vart røysta over dei ulike framlegga til vedtak:

Framlegget frå OO fekk 9 røyster

Fraleget frå Bygdalista ved Bjørn Sævild fekk 11 røyster.

KS-037/10 VEDTAK:

Kommunestyret ønsker at Styringsgruppa/OO arbeider vidare med rehabilitering av Samnangerheimen. Det bør lagast et skisseprosjekt i målestokk 1:200 med det for øye å nyttiggjøre mest mulig av eksisterende bygningsmasse innanfor ønsket romprogram.

SAKNR. 038/10

FINANSIERING YTRE TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ytre Tysse, byggjetrinn 1 finansierast med lån inntil kr 8 000 000,-. Nedbetalingstid 35 år.

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

PØ-036/10 VEDTAK:

Ytre Tysse, byggjetrinn 1 finansierast med lån inntil kr 8 000 000,-. Nedbetalingstid 35 år.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om feil i saksutgreiinga:

- Vedtak frå PØ må lyda slik for å verta i tråd med saksutgreiinga og realitetane i saka: ”Ytre Tysse, byggjetrinn 1 finansierast med lån inntil kr 9,4 millionar. Nedbetalingstid 35 år.”
- s.15, der skal det stå 9,4 mill i første linje, siste avsnitt

Nils Gåsdal Ap var ikkje til stades under handsaminga av saka.

Røysting: Framlegg til vedtak vart vedteken mot ei røyst (19 mot ei røyst).

KS-038/10 VEDTAK:

Ytre Tysse, byggjetrinn 1 finansierast med lån inntil kr 9,4 millionar. Nedbetalingstid 35 år.

SAKNR. 039/10

BUDSJETTKONTROLLRAPPORT 3.KVARTAL 2010 - TILLEGGSLØYVING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vart lagt fram utan tilråding.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om ulike fakta i saka. Konsultasjonen med advokatfirmaet Wilberg og Akerhaugen DA som er ekspert på saker som omhandlar meirverdiavgift, og dei gjev følgjande konklusjon når det gjeld spørsmålet om mva i denne saka:

- ”1. Utleien av brakkebygget er i merverdiavgiftslovens forstand ikke utleie av fast eiendom. Tjenesten er avgiftspliktig etter hovedregelen i Mval. § 3-1.
2. Samnanger kommune skal beregne utgående avgift på leievederlaget, jfr. Mval. § 3-1
3. Samnanger kommune har rett til fradrag for inngående avgift vedrørende varer og tjenester til bruk i utleievirksomheten, jfr. Mval. § 8-1
4. Samnanger kommune skal føre avgiftsoppgjøret vedrørende utleien av brakkebygget i sin ordinære avgiftsoppgave, jfr. Mval. § 2-2.”

Økonomisjef Nina Erdal orienterte også om at ekstra utbetaling av skjønnsmidlar kr. 400.000,- gjeld norskopplæring for flyktningar.

Brigt Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Budsjettkontroll / økonomirapport etter 3.kvartal vert tatt til orientering. For å dekkja meirforbruk på kr. 440.000,- vert driftsbudsjettet styrka med tilsvarende sum; frå disposisjonsfondet kr. 400.000,- og næringsfondet kr. 40.000,-. Rådmannen fordeler summen på dei aktuelle postane, jfr. saksutgreiinga.”

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-039/10 VEDTAK:

Budsjettkontroll / økonomirapport etter 3.kvartal vert tatt til orientering. For å dekke meirforbruk på kr. 440.000,- vert driftsbudsjettet styrka med tilsvarende sum frå disposisjonsfondet kr. 400.000,- og næringsfondet kr. 40.000,-. Rådmannen fordeler summen på dei aktuelle postane, jfr. saksutgreiinga.

SAKNR. 040/10**NORHEIMSUND INDUSTRIER AS - LIKVIDITETSLÅN FOR UTESTÅANDE DEL AV EMISJON.****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Marit A. Aase Krf. sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune yter Norheimsund Industrier AS eit likviditetslån på kr. 280.000,-. Vidare som saksframlegg Jondal kommune, sjå vedlegg.”

Tyra Pedersen Frp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune yter ikke lån til Norheimsund industrier.”

Tyra Pedersen sitt framlegg fekk 1 røyst.

Marit A. Aase sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke

PØ-039/10 VEDTAK:

Samnanger kommune yter Norheimsund Industrier AS eit likviditetslån på kr. 280.000,-.

Lånet er avdragsfritt i tre år, og skal betalast fullt ut tilbake innan 01.09.2013.

Rente på lånet er 5% p.a. og forfell til betaling 1. september kvart år.

Låntakar må dekke alle gebyr og utgifter.

Lånet vert finansiert ved bruk av lånemidlar over investeringsbudsjettet og midlane vert etter at låneperioden er ute nytta til å redusera bruk av kommunale lånemidlar.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om at det etter møtet i PØ er undersøkt nærare om kor vidt kommunen kan nytta lånemidlar til å gje lån til ei næringsverksemd. Lova gjev ikkje opning for slik finansiering, og kommunen lyt difor nytta andre frie midlar til å gje lån til Norheimsund Industrier A/S.

Ordførar Marit A. Aase Krf sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune yter Norheimsund Industrier AS eit likviditetslån på kr. 280.000,-.

Lånet er avdragsfritt i tre år, og skal betalast fullt ut tilbake innan 01.09.2013.

Rente på lånet er 5% p.a. og forfell til betaling 1. september kvart år.
Låntakar må dekke alle gebyr og utgifter.
Lånet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.”

Det vart røysta: 16 stemde for og 4 mot framlegget frå Marit A. Aase.

KS-040/10 VEDTAK:

Samnanger kommune yter Norheimsund Industrier AS eit likviditetslån på kr. 280.000,-.
Lånet er avdragsfritt i tre år, og skal betalast fullt ut tilbake innan 01.09.2013.
Rente på lånet er 5% p.a. og forfell til betaling 1. september kvart år.
Låntakar må dekke alle gebyr og utgifter. Lånet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

SAKNR. 041/10

BERGENSALLIANSEN - INVITASJON TIL SAMNANGER KOMMUNE OM DELTAKING.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Ordførar Marit A. Aase sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune ynskjer å ta del i Bergensalliansen.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS-041/10 VEDTAK:

Samnanger kommune ynskjer å ta del i Bergensalliansen.

SAKNR. 042/10

SAMARBEIDSAVTALE MED LOLLAND KOMMUNE OM NY, FORNYBAR ENERGI SOM GRUNNLAG FOR VEKST OG GRØN NÆRINGSUTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune sluttar seg til intensjonsavtalen slik den ligg føre.”

Framlegget vart samrøystes vedteke

PØ-040/10 VEDTAK:

Samnanger kommune sluttar seg til intensjonsavtalen slik den ligg føre.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget frå PØ.

Framlegget vart vedteke mot ei røyst.

KS-042/10 VEDTAK:

Samnanger kommune sluttar seg til intensjonsavtalen slik den ligg føre.

SAKNR. 043/10**BARNAS REPRESENTANT OG SEKRETÆR OG UNGDOMSRÅDET****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vart lagt fram utan tilråding.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Ordførar Marit A. Aase Krf sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Leiar for Eining for kultur vert borna sin representant og sekretær for ungdomsrådet.”

Framlegget frå Aase vart samrøystes vedteke.

KS-043/10 VEDTAK:

Leiar for Eining for kultur vert borna sin representant og sekretær for ungdomsrådet.

SAKNR. 044/10**VINMONOPOLUTSAL I SAMNANGER****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram for drøfting og avklaring om Samnanger kommune skal gå vidare med denne saka.

14.09.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg v/Eva Hellevang; ”Samnanger kommune søker om å få vinmonopolutsal på Bjørkheim.”

Det vart røysta over framlegget som fekk tre røyster for og tre røyster imot. Med leiar si dobbeltrøyst fall framlegget.

OO-021/10 VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå oppvekst og omsorg.

30.09.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Eva Hellevang H sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune søker om å få vinmonopolutsal på Bjørkheim.”

5 røysta mot og 15 røysta for. Framlegget vart med dette vedteke.

KS-044/10 VEDTAK:

Samnanger kommune søker om å få vinmonopolutsal på Bjørkheim.

